

Bølgjesus, Bull og Bøksle

Kystsovekeken har vore arrangert i Bekkjarvik i 20 år, og i år tok ein sjansen på noko heilt nytt. Klassisk konsert i Hengjo.

Dei unge strykarane stemte instrumenta og varma opp mellom malingspann og gamle materialar *backstage*. Publikum strøymde til og fann seg ein sitjeplass på dei provisoriske konsertsetene. Heile 425 austevollingar og tilreisande valgte å kosa seg saman med Bergen Unge kammerorkester i Hengjo.

Primus motor, Inge Halstensen, ynskte alle velkomne, og etter ei historisk innleiing slo han fast.

– Det er jo her i Hengjo Grieg høyrer heime, og ikkje i den rustne hallen i Bergen, sa Inge til stor applaus frå salen.

Unge muskarar

Musikarane entra scena saman med dirigent og kunstnarisk leiar, Tone Birkeland. Dei opna med Edvard Grieg sin Op. 53, og det er ikkje tvil om at desse ungdommane kan kunsten å skapa vakker musikk frå sine

fiolinar, celloar, bratsjar og bass. Sjølv om bøgjeskvulp, prating, påhengsmotorar og mobiltelefonar blanda seg inn med musikken, vart det ikkje meir enn ein må rekna med på ein konsert i Hengjo.

Det såg ut til at musikarane fann seg stadig betre til rette oppå scena, dei sendte iallfall fleire smil mellom kvarandre og ut til publikum etterkvart. Fiolinistane Johanne L. Mjøs og Sondre Fjose gjorde flotte solistprestasjonar, på *Bygdeviser frå Lom* og *Sæterjentens søndag* av Ole Bull.

Sjølv om bøgjeskvulpa ikkje var heilt i takt med musikken, var *Våren* av Edvard Grieg ei nyting å høyra på, og orkesteret hausta stor applaus for framføringa si.

Bekkjarviks Bøksle

Då orkesteret spelte Henning Sommero sin *Vårsøg*, nynna publikummarar med til stemningslåta. Deretter entra Helene Bøksle scena. Når ho pratar er det like mjukt som balsam og fløytekaramellar, og når ho syng er det rett og slett vakkert. Det er ikkje tvil om at Bekkjarviklikar Bøksle, og ditto: Ho retta ein

stor takk mellom anna til Inge Halstensen for at ho fekk koma tilbake. Bøksle har vitja Bekkjarvik fleire gonger dei siste fem åra og opptredd ved gudsteneste og konsertar der. Ho hadde øvd seg på å seia *Hengjo* med austevollsk trøkk og tonefall, noko som fall i god smak hos publikum.

Bøksle sa at det hadde vore vanskeleg å finna ord i den siste tida, men at det var godt å kunne syngja. Den fyrste songen hennar, *Mitt land*, vart derfor dedikert til alle som har det vondt no.

Deretter vart det ei urframføring på låta *Skumring*, inspirert av godnattasongen ho høyrde i barndommen.

– Eg ville laga ein song om den gode, trygge kjensla av å sitja på trammen, fortalte Bøksle som hadde fått hjelp av ein tekstforfattar som dagleg sat eit par timar på trammen med kaffikoppen sin.

Samspillet mellom Bergen unge kammerorkester og Helene Bøksle var svært bra, og laga eit flott lydbilete i Hengjo. Medan mørket seig på i hamna kom lyssettinga på musikarane og dei gyldne instrumenta deira



Helene Bøksle si vakre stemme varma tilhøyrarane i Hengjo.

endå betre fram. Etter Bøksle sine songar reiste musikarane seg opp og avslutta med *Holbergssuåten*. Etter preludium klappa publikum, mumla om ekstranummer og nokon var ivrige etter å vera fyrstemann til parkeringsplassen. Dirigent Tone Birkeland smilte til publikum og sa høgt og tydeleg:

– Det er fire satsar igjen.

Og dermed kunne publikum kosa seg endå nokre minutt. Og kommentarane i salen og på grusvegen etterpå oppsummerte det heile ganske fint.

– Dette var heilt fantastisk, og det var ikkje kaldt eingong.

M Dorte M. Møgster
redaksjone n@marsteine.no